

Leirdalen.



Av Olav Sande.

Naar du vil til Jostradalen og fer framigjenum fraa Runnøy, kjem du til ein gard, som heiter *Leirmo*. Der kjem det ned ei elv, som heiter *Leirdøla*. Ho kjem fraa *Leirdalen*. Denne dalen er bratt paa baae sidur, til desz det ber fram aat gardarne; daa vert han litt flaa-are og flatare. Han er upp til 30 kilometer lang. Fyrst gjeng han mot nordvest, sidan mot nord framansfyr *Leirdalsvatnet* og hev ein heil deil buskrog — mest bjørk —, men ikkje furestrog. Der er 4-5 gardar og nokre husmannsplasjar. Folk i bur heimansfyr vatnet. Det er ein halv fjordung langt paa lag og lika breidt. Baade i det og i den vesla tjørni, som ligg trast framansfyr, er der fisk. Paa nordre sida aat vatnet er der eit høgt berg, som heiter *Rabnaberget*. Framansfyr vatnet kallast dalen *Tunsbergdalen* etter eit berg paa austre kanten, som heiter *Tunsberg*. Ein arm af den store *Jostradalsbreiden* styt seg paa lag 20 kilom. heim igjenum dalen og kallast *Tunsbergbreiden*. Han er ikkje litet tjukk og høg, daa dalen er djup der framme.

I fyrrer tider skulde der ogsa bu folk der i *Tunsbergdalen*. Millum andre skulde der bu ei, som het *Thora Tunsberg*. Men det var visst fyrr den tid den aalmenne, vesle, nyttuge boki, me kallar *almanakken* var komi i kvar manns hus; var vel det og fyrr den tidi, daa folk tok til aa verta *boflærde* fring avtrokarne. Nog er det: folk der framme vitste ikkje skile «aarsens lidelse». Det leid nog alt til jolabelgi, og henne vilde dei naturlegvis ikkje sleppa framum seg utan bryggjing og baking, gjestabod og gaman. Skulde so ho *Thora* heim i dalen aa spyrja, for langt det leid. Det var is på vatnet. Daa ho var komi heim på det, det vil segja væl midtveges, ropad det ned fraa berget og spurde, kvar ho vilde av. «Eg vil heim i dalen aa spyrja, forlengje det er til joli,» svarade ho. Daa ropad det nedatt ovan berget:

«Snu framattr, *LabbaThora!* d'er nætadn tri og dagadn tvo til jolo.»

Trolli vitste tidi, dei, og stundad vel til jolaserderna sina. Og so tykte dei vel, ho *Thora* gjekk labbutt og seint, dei, som stødt tek slike lange stig.

* * *